

## REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE 01-20 EIKEN 07.01.20

### Møte 01/20

Til stades: Bernt Rune, Tjøl, Anine, Oddvin, Siri, Audun. Vara: Aud Ramona.

Forfall: May Gunn, Elly

Sak 01/20: Mrk. viktig å tenkje heile julehøgtida under evalueringa.

Sak 02/20: Vart skrive under med vedlegg ang. feil saksnummer på innkalling og saksliste.

Sak 03/20: Evaluering av gudstjenester

#### **Lysmessa:**

Det kom mykje folk.. Bra innhald. Skulle gjerne hatt eit kor, men vi var veldig godt fornøyd med sangkreftene.

Må være tydelegare på kor konfirmantene skal møte før lysmessa. Var litt forvirring.

#### **Julaften:**

Mykje folk. Viktig å vere på forskudd med å ta inn ekstra stoler frå kyrkjestova.

Det var veldig fint at Karoline spilte på kornett.

Lyd på barnekoret gikk bra.

Tv -sendinga: Det som er direkte koblet inn på mikseren høres godt, solister, instrumenter, men for eksempel kor og orgel høres dårlig . Skru opp kormikrofoner for å kompensere.

#### **Julefesten:**

Det gjekk fort unna med rigging på torsdag.

Fekk klage på at det var rotete på leikeloftet etter festen. Vi glemte å rydde. Til neste år må vi hugse å låse dette rommet.

Mange setter seg innerst i peisestua. Vi må tenkje på korleis vi kan unngå dette.

Det var veldig positivt med Oda og Anna som leda. Dei gjorde ein god jobb.

Vi må passe på å få på lyden i alle romma.

Det var positivt at Jentene kunne syngje + Martin og Thomas som spilte og styrte lyd.

Til neste år kan vi prøve å ha ein kaffestasjon i gangen og ha kaker på ei av sidene evt. saman med kaffen.

Prøve å få forsangere neste år.

Vi hadde kanskje litt lite kaker.

Hugs å opplyse om at folk kan gje kollekt på vipps.

Fekk positive tilbakemeldingar på festen, grei lengde, god mat.

Sak 04/20: **Klokker**

Helga har sagt ja til å ver klokkar midlertidig i Oddlaug sin stilling

Kan være greitt etterkvart å ha en person/vikar i bakhand i tillegg til de tre andre.

Sak 05/20: **Offerformål**

- 15.03.20: Trusopplæring
- 05.04.20: Ikkje kollekt
- 09.04.20: Menneskeverd
- 13.04.20: NLM
- 19.04.20: NMS
- 03.05.20: Trusopplæring
- 17.05.20: Misjonsprosjektet -Mongolia
- 01.06.20: Åpne dører
- 07.06.20: Eiken kyrkjelyd
- 21.06.20: Blåkors
- 19.07.20: Ikkje kollekt
- 16.08.20: Søndagsskolekretsen
- 06.09.20: Misjonsprosjektet-Mongolia
- 20.09.20: Konfirmantarbeidet
- 04.10.20: Wycliff
- 18.10.20: Eiken kyrkjelyd
- 01.11.20: Kirkens SOS
- 15.11.20: Trusopplæring
- 06.12.20: Eiken kyrkjelyd
- 20.12.20: Misjonsprosjekt-Mongolia
- 24.12.20: Betlehemsprosjektet
- 26.12.20: Israelsmisjonen

Sak 06/20: **Eg har sett opp ei liste over kollektansvarlege. Det er mogeleg å bytte ved behov.**

- 19.01.20: May Gunn
- 15.03.20: Tjøl
- 05.04.20: Ikkje kollekt
- 09.04.20: Oddvin
- 13.04.20: Audun
- 19.04.20: Anine
- 03.05.20: Elly
- 17.05.20: Siri
- 01.06.20: May Gunn
- 07.06.20: Tjøl
- 21.06.20: Oddvin
- 19.07.20: Ikkje kollekt
- 16.08.20: Audun
- 06.09.20: Anine
- 20.09.20: Elly
- 04.10.20: Siri
- 18.10.20: May Gunn
- 01.11.20: Tjøl
- 15.11.20: Oddvin
- 06.12.20: Audun

- 20.12.20: Anine
- 24.12.20: Elly
- 26.12.20: Siri

Sak 07/20: **Menighetstur**

Vi ynskjer å arrangere menighetstur annakvart år, dvs. dette året.  
 Det er best å arrangere på hausten sidan det er mykje som skjer på vårparten.  
 Forslag til leirplasser er Ognatun og Himmel og hav.  
 Alternativer til datoer er 4-6 sept, 18-20 sept.- 16-18. okt.  
 Siri undersøker priser og tilgjengelighet.

Sak 08/20: **Eventuelt**

**Temagudsteneste:**

Vi er pålagde å halde ei temagudsteneste i løpet av året.  
 19. januar skal vi ha gudstjeneste med tema «Givertjeneste».  
 Det kan være fint å ha kyrkjekaffe etter gudstjenesten slik at folk kan  
 Vipps Go er ein utvida form for vipps. Dersom ein er registrert på Vipps Go med  
 personnummer kan ein få skattefrådrag for det som vert gjeve.  
 Det som er sett opp som offerformål er integrert i vårt arbeid og gir grunnlag for  
 skattefrådrag.  
 Vipps Go kjem i gong i løpet av våren og vert lansert på temagudstenesta 19/1.  
 Kan vere aktuelt å bruke Rita og Kjetil i forhold til Mongoliaprojektet på  
 temagudstenesta.

**Felleskyrkjeleg gudsteneste:**

Det er felleskyrkjeleg gudsteneste i Hægebostad 26.01.20  
 Viktig at soknerådet klarer å mobilisere så mange som mogeleg frå menighetene i  
 Eiken. Audun undersøker om Anna og Oda kan delta med tekstlesing.

**Høgtidsringing:**

Er det aktuelt å installere automatisk ringjeanlegg som kan stilast inn på klokkeslett  
 og som evt. åpner og lukker lukene.  
 Investering må i tilfelle gå fra legatet.  
 Aud Ramona kan foreløpig slå på ringinga heimanfrå.  
 Vert teke opp i fellesrådet fyrst og evt. etterpå i legatstyret. Må vurdere kostnad og  
 utbytte.

Eiken 09/01-20

Siri Eiken